

RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2016/2418

17.mai Gospelnight 2016

Gjennomføring:

KFUK-KFUM Bjergvin arrangerer årleg Gospelnight i Johanneskirken om kvelden på 17.mai. Dette er ein over 30 år lang tradisjon, som for mange er ein viktig del av 17.mai feiringa. Arrangementet er godt besøkt og vi fyller vanlegvis Johanneskirken. I år var det 680 besøkande, inkludert Gospel Bergen kor og band og frivillige medarbeidarar. Vi ser at det er mange som vanlegvis ikkje er ein del av KFUK-KFUM sine aktivitetar som finn vegen til Johanneskirken denne kvelden, og det er veldig gledeleg for oss at vi når ut til mange menneske. Gospelnighten er ei flott oppleving der ein får nyte fin gospelmusikk i ei flott kyrkje. Så med andre ord er dette ei flott og oppløftande avslutning av nasjonaldagsfeiringa for det heile mennesket.

Gospel Bergen er eit dyktig Gospelkor, som består av 25 medlemmar (20 songarar i koret og 5 musikarar i bandet), og koret er tilknytt KFUK-KFUM. Dei stiller opp på 17.mai frivillig, og tar ikkje honorar for å bidra til Gospelnighten. Då Gospelnighten også er i samarbeid med Bergen Domkirke menighet, så dekkjer kyrkjelyden kyrkjetenar til Gospelnighten. Gospelnighten er open for alle som ønskjer å vere med og det er gratis inngang. Det vert tatt opp takkeoffer til KFUK-KFUM Bjergvin sitt programarbeid for barn og unge.

Gospelnighten er eit arrangement som i veldig stor grad er gjennomført av frivillige medarbeidarar i KFUK-KFUM. Det var sett ned ein eigen planleggingskomité som saman med dagleg leiar i KFUK-KFUM Bjergvin og prest frå Bergen Domkirke menighet hadde ansvaret for planlegging og gjennomføringa a arrangementet. Alt i alt, var det med om lag 30 frivillige medarbeidarar på sjølve Gospelnighten i tillegg til Gospel Bergen (Teknikarar frå FKU Teknikk, ei av ungdomsgruppene i KFUK-KFUM som leverer lyd, lys og videoproduksjonar, brannvakter, praktiske medhjelparar med fleire).

Gospelnighten er sett saman av eit variert program, med både allsongar, Gospelsongar, tale for kvelden og liturgiske gudstenesteledd som bøn og nattverd.

Avvik:

Vi søkte om støtte til dette arrangementet innan søknadsfristen 1.april 2016. Arrangementet vart gjennomført i den perioden då søknaden vår var til handsaming hjå Fylkeskommunen, og vi fekk innvilga støtte ved tildeling i juli 2016. Dermed har vi ikkje reklamert i informasjonsmateriell og informasjon på heimesida vår, facebookside m.m. om at arrangementet var støtta av Kultur Amatør tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Vi fann det unaturleg å informere om at det var søkt om tilskot frå Fylkeskommunen utan å vite om søknaden ville verte innvilga.

Vi veit også at vi sender inn rapporten noko seint, dette har med at prosjektrekneskapet ikkje har vore klart før no, og ønskte å sende inn ein fullstendig rapport.

Vi håper at desse avvika ikkje vil telje negativt for oss ved eventuelle framtidige søknadar, då tilsagnsbrev frå Fylkeskommunen kom i sommar og utbetaling av tilskotet skjedde i september..

Prosjektrekneskap:

Prosjektrekneskap for arrangementet:

17.MAI GOSPEL NIGHT	Regnskap hittill i år
INNTEKTER	
3104 - Offer prosjekter	
8 - 17 Mai	-11444
3701 - Fylkeskommunal Støtte	
8 - 17 Mai	-5000
<i>SUM INNTEKTER</i>	-16444
KOSTNADER	
5000 Lønn og personal krets	5000
7112 Leie av teknisk utstyr	
8 - 17 Mai: leige av utstyr fra FKU teknikk	7500
<i>SUM KOSTNADER</i>	12500
RESULTAT	-3944

Kommentarar til prosjektrekneskap:

Lønskostandar som er lagt inn i budsjettet er kostandar knytt til dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementet saman med dei frivillige. Takkeofferet som vart tatt inn under Gospelnighten er her lagt inn i prosjektrekeskapet, men dette går til KFUK-KFUM Bjørgvin sitt programarbeid for barn og unge, og er på så

måte ikkje ei ordinær arrangementsinntekt. Lønskostnadane er langt høgare enn dei 5000 kr som er lagt inn viss ein skal rekne timar for den tida som dagleg leiar har brukt på arrangementet, men vi ønskjer å synleggjere i våre prosjektbudsjett og prosjektrekneskap at aktivitetane våre må vere med på å finansiere lønskostnadane som kretsen har.